

## KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/65/44

av 18. april 2011

om endring av vedtak 1999/93/EF om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til dører, vindauge, lemmar, persienner, portar og tilhøyrande beslag

[meld under nummeret K(2011) 2587]

(2011/246/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 13 nr. 4,

etter samråd med Det faste byggeutvalet og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonen har gjort vedtak 1999/93/EF av 25. januar 1999 om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til dører, vindauge, lemmar, persienner, portar og tilhøyrande beslag<sup>(2)</sup>.
- 2) I medhald av artikkel 13 i direktiv 89/106/EØF skal samsvaret fastsetjast i samsvar med vedlegg III til det direktivet.

- 3) Som følgje av ei vurdering av dei ulike bruksområda for dører og portar bør dei tilsvarande framgangsmåtene for samsvarsattestering endrast, slik at dei omfattar føresegner om tilhøyrande beslag til vindauge og dører som ikkje vert nytta til brannteknisk eller røykteknisk oppdeling eller til rømmingsvegar.
- 4) Vedtak 1999/93/EF bør difor endrast —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

Vedlegg III til vedtak 1999/93/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne avgjerda.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferd i Brussel, 18. april 2011.

*For Kommisjonen*

Antonio TAJANI

*Visepresident*

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 103 av 19.4.2011, s. 114, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 98/2015 av 30. april 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 42 av 4.8.2016, s. 37.

<sup>(1)</sup> TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

<sup>(2)</sup> TEF L 29 av 3.2.1999, s. 51.

## VEDLEGG

## «VEDLEGG III

## VAREGRUPPE

**DØRER, VINDAUGE, LEMMAR, PERSIENNER, PORTAR OG TILHØYRANDE BESLAG****(1/1)**

## 1. System for samsvarsattestering

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert CEN/Cenelec oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle harmoniserte standardane:

Vare(r)	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar	System for samsvarsattestering
Dører og portar (med eller utan tilhøyrande beslag)	Til brannteknisk eller røykteknisk oppdeling og til rømmingsvegar	—	1
	_____	_____	_____
	Til annan bruk som er oppgjeven særskilt og/eller er underlagd særskilde krav, særleg med omsyn til støy, energi, tettleik og brukstryggleik (dvs. IKKJE til brannteknisk eller røykteknisk oppdeling og IKKJE til rømmingsvegar)	—	3
Vindauge (med eller utan tilhøyrande beslag)	Berre til innandørs samband	—	4
	Til brannteknisk eller røykteknisk oppdeling og til rømmingsvegar	—	1
Beslag til dører, portar og vindauge	_____	_____	_____
	All annan bruk	—	3
Lemmar og persienner (med eller utan tilhøyrande beslag)	Til brannteknisk eller røykteknisk oppdeling og til rømmingsvegar	—	1
	_____	_____	_____
	All annan bruk	—	3
	Til utandørs bruk	—	4

System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

Spesifikasjonane for systemet bør vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.»